



## Referat frå kommunemøte torsdag 06. mai 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen og Sivilforsvaret.

**Ikkje til stades:** Helse Førde, KS, Fitjar, Gulen, Hyllestad, Sunnfjord, Samnanger, Voss og Årdal

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

### Innhald

1. Informasjonssaker .....	1
2. Gjenopning – bruk av forskrift eller tilrådingar .....	2
3. Nasjonalt helsepersonell v/HDIR.....	2
4. Vaksinesertifikat .....	3
5. Vaksineriing i sommar v/FHI.....	4
6. Vaksinasjon av sesongarbeidarar .....	4
7. Smittevernustyr - tilrådingar til lager.....	5
8. Epidemiologisk rapport .....	6
9. Situasjonen i Eidfjord ved rådmann Geir Underhaug.....	6

### 1. Informasjonssaker

#### Webinar om kommunikasjon til barn og unge måndag 10. mai

Vi sendte onsdag ut informasjon om nytt webinar som Helsedirektoratet arrangerer måndag 10. mai kl. 14.00-14.45 om kommunikasjon til barn og unge.

Vi legg ved lenke igjen ved utsending av referatet.

#### Forlenging av midlertidig unntak frå avkortingsreglar for alderspensjon som følge av covid-19

Arbeids- og sosialdepartementet har fremja lovframlegg om å utvide ordning om unntak fram til 1. januar 2022.

I proposisjonen føreslår departementet å forlenge til 1. januar 2022 det tidsavgrensa unntaket frå avkortingsreglene for alderspensjon frå Statens pensjonskasse, Pensjonsordning for apotekverksemd og Pensjonsordning for sjukepleiarar som følge av covid-19.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-186-l-20202021/id2846350/>



### 2. Gjenopning – bruk av forskrift eller tilrådingar

Kommuneoverlege Frode Myklebust i Aurland, Lærdal og Årdal seier at det er utfordrande med den han skildrar som ein “jungel” av tilrådingar for sosial kontakt i private heimar. Dette er vorte endå meir komplisert etter at det no kjem andre tilrådingar for dei som er definert som beskytta. Myklebust spør om det kan vere aktuelt å bringe vidare ei oppmoding om å forskriftsfeste dette i større grad.

Vi har forståing for at det er komplisert å ha oversikt over både råd og reglar. Politiet nemnte på tysdag at dei har funne at covid-19-forskrifta så lang er endra 129 gonger, så det er ikkje sikkert at ei forskriftsfesting vil gjere det stort lettare å henge med til ei kvar tid. Terskelen for å lovregulere det som går føre innanfor husets fire vegger er nok høg. Vi trur difor at det er ein lite farbar veg å tilrå meir bruk av forskrift for å regulere privatlivet til folk.

Statsforvaltaren prøver å svare så godt vi kan på konkrete spørsmål, og vi må bruke mykje tid på lese rettleiarar på heimesidene til Regjeringa, FHI og Helsedirektoratet. Vi lovar å halde fram med å hjelpe til, men håpar samstundes at det omfanget av spørsmål ikkje aukar meir enn det som er handterleg.

### 3. Nasjonalt helsepersonell v/HDIR

Vi minner kommunane om å sende rapportar til oss kvar veke. Det er ein del kommunar som vi har “mista” dei siste vekene, og som vi difor vil ta kontakt med.

På grunn av fridagane i veke 20 og 21, er fristen for rapporteringa utsett til tysdag 18. mai og tysdag 25. mai.

I dei vekentlege rapportane frå kommunane, er kapasitetsutfordringar som følgje av at det er vanskeleg å rekruttere kompetent personell ein gjengangar. Det handlar til dels om generelle rekrutteringsutfordringar, uavhengig av covid-19. Det handlar òg om dei litt meir kortsiktige utfordringane som kommunane har med å ha tilstrekkeleg personell til vaksinerings, smittesporing og anna TISK-arbeid, eller andre oppgåver innanfor tenestene.

Vi har nokre gonger peikt på at det er mogleg å rekruttere folk som er registrert i den nasjonale portalen for helsepersonell og gjennom ordninga med nasjonalt innsatspersonell (personell som har fått opplæring i t.d. testing og smittesporing). Vi kjenner ikkje til om det er nokre av kommunane som har nytta seg av desse ordningane.

Orientering om dei nasjonale personelltiltaka som er etablerte - avdelingsdirektør Randi Moen Forfang i Helsedirektoratet:

Helsedirektoratet fekk i oppdrag å lage ei oversikt over alt reservepersonell. Det blei gjort ei stor kartlegging. Dei vendte seg til eigne register, til universitet og lærestadar. Helsepersonell vart bedne om å registrere seg i registeret [nasjonalthelsepersonell.no](https://nasjonalthelsepersonell.no). Registeret er meint som eit nasjonalt tiltak, i tillegg til lokale ressursar. Eit utval frå registeret er *nasjonalt innsatspersonell*, som er kvalitetssikra av Randstad bemanning.

Nesten 10 000 personar er registrerte på nasjonalt helsepersonell. Det er 104 personar tilgjengelege frå nasjonalt innsatspersonell. Mange kommunar har tilgang til å søke i registeret (no 167 kommunar). Spørsmål om personell kan rettast til 404 07 998. Det ligg elles ein del rettleiing i koronarettleiaren kapittel 12.



Det har vore mindre etterspørsel av nasjonale ressursar enn venta, og det har ikkje vore nokon førespurnad til Randstad etter påske. Mykje har blitt handtert lokalt. Til sommaren er det venta auke i behov. Helsedirektoratet meiner det er mogleg at tiltaka ikkje har vore spesielt godt kjende.

Medisin- og sjukepleiarstudentar kan nyttast til vaksineringsarbeidet, men dei treng opplæring. Trong for opplæring av studentar til vaksining, bør rettast til universitet og høgskular. Dersom kommunane ser behov for dette, er det viktig dei tek kontakt med aktuelle lærestader så snart som råd slik at opplæringa kan byrje.

Vi legg ved presentasjonen frå Helsedirektoratet ved referatet.

**Spørsmål frå Kvinnherad:** Dei har tidlegare spurt om å få bruke studentar i vaksineringsarbeidet. Då fekk dei nei. **Svar frå Forfang:** Det var ein periode då stundetar ikkje fekk gjort praksisen sin, men blei sett til andre oppgåver. Derfor var det ei restriktiv haldning til å rekruttere studentar. Sidan det no er rekruttering i ferien, vil det å rekruttere ikkje få betydning for studieforløpet.

Statsforvaltaren minner om at [medhjelpparagrafen i helsepersonellova](#) seier at studentar må få fagleg rettleiing når dei arbeider.

#### 4. Vaksinesertifikat

Regjeringa orienterte om arbeidet med å få på plass koronasertifikat på pressekonferanse i går. Regjeringa har sendt ut på høyring eit forslag om eit kapittel 4A i smittevernlova, med reglar om koronasertifikat. Føremålet er å etablere eit system for sikker og verifisert dokumentasjon av vaksinasjonsstatus, immunitet etter gjennomgått koronasjukdom og testresultat.

Vi veit ikkje kva det endelege resultatet vil verte, eller når lovendringa eventuelt vert gjort gjeldande. Fullvaksinerte er no unnateke frå ventekarantene, og frå tidlegare denne veka (3. mai) frå smittekarantene. Vi legg ved lenke til meir informasjon på FHIs nettsider:

<https://www.fhi.no/nyheter/2021/lettelser-i-karantene-for-vaksinerte/>

- Beskytta personar har frå og med i går fått nokre lempingar/letter i **private** samanhengar
- Beskytta personar er:
  - Fullvaksinerte
  - Vaksinert med ein dose og det har gått 3-15 veker, må òg ha vore i Noreg siste ti dagar.
  - Gjennomgått covid-19-sjukdom siste seks månader.
- Endringar for denne gruppa er m.a. at dei:
  - Kan ha nær sosial kontakt med andre som er beskytta, og med ubeskytta personar som ikkje er i risikogruppe.
  - Ikkje treng teljast med i maksimalt tal besøkande i private heimar (tel no som husstandsmedlem). Men; ubeskytta besøkande må framleis kunne halde avstand til andre ubeskytta i slike besøk.
  - Ikkje lenger er fraråda unødvendige reiser i Noreg.
  - Må likevel følgje same råd som før i det offentlege rom og på offentleg transport. (avstand, tal, hygiene, munnbind)
  - Lokale forskrifter om tal besøkande i private heimar skal likevel følgjast der dette er innført.



Vi legg ved lenke til meir informasjon:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/arrangementer-gjester-i-hjemmet-og-avstand#beskyttede-personer-kan-fa-lettelser-fra-koronatiltak-etter-koronavaksine-eller-gjennomgatt-covid-19-sykdom>

### 5. Vaksinerings i sommar v/FHI

Vi har fått mange spørsmål frå kommunane om kva som vil skje på vaksinefronten i tida framover, særleg om kva kommunane kan forvente av vaksiner og når, og om vaksinerings av sommarvikarar i helse- og omsorgstenesta.

Orientering om vaksinerings framover ved Ellen Furuseth - overlege ved Avdeling for smittevern og vaksine FHI:

Målet er at vi i andre halvdel av mai kan kommunisere meir tydelege tal på dosar. Kommunane må vere budde på ein auke i vaksinerings. Den grove prognosen er at det vil kome to til tre gonger fleire vaksinedosar framover.

FHI vil snart kome med nye råd om vaksinerings av helsepersonell, som mellom anna vil omfatte vaksinerings av sommarvikarar. Det er ikkje no venta nye råd til prioriterings av kapasitetskritisk personell.

Sidan det er syklusar i vaksinerings ved dose ein og to, blir det ikkje så mange nyvaksinerte. Dei fleste dosane går no til dose to. Det blir gjeve øyremerka dosar med vaksinar til dei som fekk første dose med Astra-Zeneca. Kommunikasjonen i media gir inntrykk av at vaksinasjonen står i ro. FHI ser på korleis dei kan kommunisere det som skjer på ein klarare måte.

FHI har motteke spørsmål om det er mogleg å få leveransar fleire gongar per veke i sommar. Dei ser no på å ei ordning der kommunar kan gjere avtalar med sjukehushubane om ønskt levering. Kommunane må i tilfelle sjølv syte for transport. På grunn av lang reiseveg for mange kommunar, trur ein dette vert mest aktuelt for dei større kommunane.

Det er varsla eit skifte i intervall mellom dose 1 og 2 frå 6 til 12 veker. Ein kan ikkje ha fleire intervall internt i ein kommune. Det vert no sett på eit heilskapleg skifte nasjonalt før sommarferien.

Det er ikkje forventa at kommunane skal vaksinere folk som har kortvarig opphald i kommunen, og kommunane har ikkje ansvar for å fullføre andre land sine vaksinasjonsprogram med dose 2. Hyttegjestar må gjere rekning med vaksinerings i eigen heimkommune.

Det blei stilt spørsmål om politiet skal prioriterast i vaksinerings. Svar frå Furuseth var at det er ei vurdering på gang, men at ho ikkje kan svare på det no.

### 6. Vaksinasjon av sesongarbeidarar

Det ligg ikkje føre nokon konkret «cut-off» for kor mange veker som kvalifiserer som mellombels opphald, og som igjen gir rett til vaksine, men det må gjerast konkrete vurderingar. FHI sa likevel at ein ikkje trengte ta omsyn til at sesongarbeidarane ikkje rekk å få både dosar; det er betre at dei får éin dose enn ingen. Dei skal òg prioriterast likt/få vaksine samstundes med andre i gruppa dei høyrer til.



Kommunen skal altså følge prioritert rekkjefølgje, og dei har ingen mindre rett til vaksine sjølv om det er eit mellombels opphald. Men turistar har ikkje krav på vaksine.

### 7. Smittevernutstyr - tilrådingar til lager

Spørsmål frå Osterøy:

*Saka gjeld lager av smittevernustyr. På seinhausten vart me oppmoda om å ha eit lager tilsvarande 8 mnd forbruk av smittevernustyr i kvar kommune. De me lurar på er om det no er endra tilrådingar jf. endra situasjon. Me ber også om at det kjem rettleiing på kor store lager og kva me bør ha på lager framover når denne pandemien er på hell. Kva vert dekkja av det nasjonale beredskapslageret og kva skal me ha lokalt i etterkant av pandemien?*

I brev frå Helsedirektoratet om innkjøp av personleg smittevernustyr i kommunar, datert 23.09.2020, skriv Hdir at kommunane bør leggje inn bestillingar slik at dei har smittevernustyr som minst dekker 8 månaders estimert behov frå januar til august 2021. Etter dette bør dei kvar andre månad leggje inn bestillingar som dekker 2 månaders forbruk, då tida frå bestilling til levering (ledetid) kan vere inntil 4 månader. Då vil kommunane ha 2 månaders estimert forbruk på lager rett før neste levering kjem. Denne tilrådinga er førebels ikkje endra.

Samstundes går det no føre seg eit prosjekt i Hdir, på oppdrag frå HOD, som skal utgreie kva behov det i framtida vil vere for utstyr lokalt, og i eit permanent nasjonalt beredskapslager. Oppdraget har fått frist 1. juni. Aktuelt utstyr vil vere hanskar, frakkar, munnbind/andedrettsvern, augebeskyttelse (briller, visir).


Det vil òg mellom anna bli sett på moglegheiter for ulike innkjøpssamarbeid, nasjonal produksjon, samarbeid med andre sektorar, nordisk/europeisk samarbeid, forhold mellom lager, produksjon og produksjonsavtalar og behov for nasjonal overvakingsinstans. Erfaringar frå Koronakommisjonen blir òg drøfta, saman med økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar. Det vil kome rettleiing og føringar for kommunane når dette prosjektet er ferdig vurdert og behandla hjå sentrale styresmakter.



## 8. Epidemiologisk rapport

### Vestland

	Uke 13	Uke 14	Uke 15	Uke 16	Uke 17
Antall tilfeller per uke	295	303	308	227	230
Antall tilfeller per 100 000 per 14 dager	88,9	93,6	95,6	83,7	71,5
Antall personer testet per 1 000 per uke	22,9	25,6	24,2	23,0	21,2
Andel positive blant de testede per uke	2,0%	1,8%	2,0%	1,5%	1,7%
Andel kommuner med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dager	7/43	5/43	7/43	6/43	3/43
Andel vaksinerte blant personer 65 år og eldre (minst en dose) – totalt	44%	58%	72%	83%	89%



Frem til og med uke 15 var det en svak økning i antall meldte tilfeller i Vestland. I uke 16 gikk antallet tilfeller ned og har flatet ut på samme nivå for uke 17. Situasjonen i fylket de tre siste ukene reflekterer i stor grad situasjonen/antall tilfeller i Bergen hvor det har vært flere utbrudd i ulike miljø, inkludert et utbrudd i Sjøforsvaret, utbrudd i skoler og barnehager og smittespredning i forbindelse med sosiale sammenkomster. Antall personer testet gikk noe ned fra uke 16 til uke 17, og andel positive blant personer testet har også gått noe ned fra uke 15.

Detaljert oversikt kan finnes i Sykdomspulsen (<https://spuls.fhi.no>)

- Detaljert oversikt i Sykdomspulsen (<https://spuls.fhi.no>)
- Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>
- Fylkeslegen si vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>

## 9. Situasjonen i Eidfjord ved rådmann Geir Underhaug

Per i dag er fire personar bekrefta smitta. Alle tilfella er knytt til miljøet på bygdeheimen. Utfordringa er at dei ikkje har full oversikt over smittevegen inn til kommunen. Kommunen har førebels kontroll på bemanning, men erfaring frå andre kommunar tilseier at dette fort kan fort snu. Siste tilfelle vart stadfesta onsdag går kveld, og hadde ikkje relasjon til dei andre tilfella. Utbrotet vart då meir komplisert. Har i dag hatt møte med Statsforvaltaren og FHI om vegen vidare. Dei jobbar no med å få



## Statsforvaltaren i Vestland

ut informasjon og nyttar forsterka TISK for å få meir oversikt. FHI si vurdering var førebels at lokal forskrift akkurat no ikkje vil gi stor nok effekt. Kommunen har stor testkapasitet. Skal teste 100 av 900 innbyggjarar før kl. 1. i morgon for å få dei med bodbilen til laboratoriet på Helse Bergen for analyse.

Haavard Stensvand understreka at det er veldig positivt at Eidfjord kommune har følgd tilrådinga om å raskt etablere kontakt med Statsforvaltaren og FHI i slike tilfelle.